



Øystein Lossius
Paktamyrrhaugen 2
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3113 - 14/11462

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
16.07.2014

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett, tilbygg til bustad på gbnr 23/79.

Administrativt vedtak. Saknr: 208/2014

Tiltakshavar: Øystein Lossius
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad motteke 01.07.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av tilbygg til bustad på gbnr 23/79.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Frekhaug senter/vest – planid 125619951011 - regulert til bustad.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 17.06.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteken 01.07.2014. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

I reguleringsplan for Frekhaug senter/vest er det krav til parkeringsdekning for 2 bilar. Tiltaket samsvarer med reguleringsplanen.
Tillete grad av utnytting på tomta % BYA) er 20 %. Følgjeleg samsvarer tiltaket med reguleringsplanen.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av tilbygg til bustad på gbnr 23/79 i samsvar med søknad motteke 01.07.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 01.07.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.”

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Øystein Lossius

Paktamyrahaugen 2 5918

FREKHAUG